



# Om tru og krig – håp og realisme

**Kva meiner biskopen om Russland og Israel si krigføring? Og korleis ser ein kristen oberstløytnant på forholdet mellom tru og krig?**

ANNA HUSEBY  
ah@hallingdolen.no

På søndag fekk kyrkja i Herad svaret på korleis ein kan fylle benkane ein mørk vinterkveld i januar. Då hadde dei nemleg invitert biskop Jan Otto Myrseth og oberstløytnant Palle Ydstebø til ein samtale om trua si rolle i krig og konflikt. Ordstyrar var journalist og forfattar Magnus Lindahl.

– Ein skulle tru det var enkelt å ta stilling til forholdet mellom krig og tru, opna biskopen. Men

historia har vist at det ikkje er tilfellet.

– Tru har vore ei kjelde til fred. Men minst like ofte har det vore ei drivkraft for det motsatte. Religion er ingen utvetydig garanti for fred, heldt han fram.

## Ein kristen soldat

Frå pavens korstog til dagens religiøse ekstremisme. Det finst nok av dome på at religion er fullt av motsetningar. «Kvart menneskeliv er hellig». Men er dei så heilage at ein i blant kan rettferdiggjere å drepe? Spørsmåla er store og vanskelege.

– Å vere soldat er eit praktisk, fysisk yrke. Det er ikkje så mange filosofar blant oss, opna Palle Ydstebø si innleiing. Sjølvsagt er han kristen. Han har erfaring frå både Afghanistan og FN-styrkane i Sør-Sudan, frå luftforsvaret, ingeniørvåpenet



Biskop Jan Otto Myrseth (t.h.) og oberstløytnant Palle Ydstebø snakka også om faren for invasjon i Norge og om det er håp for fred i Ukraina.

og etterretningstenesta. Ydstebø understreka at det berre finst ei form for lovleg krigføring. Forsvarskrig.

– Eg ser ikkje ein motsetnad mellom tru og krig så lenge det

er ein lovleg krig, sa han til forsamlinga.

## Kyrkja har meiningar

Magnus Lindahl utfordra biskopen på om kyrkja tek

standpunkt i konflikter me lever med i dag. Kor går grensa deira for å legitimere væpna makt? Biskop Myrseth meiner det er naturleg at kyrkja står med den svake part. Dei er heller ikkje redde for å ytre seg:

Bispemøtet har uttala seg svært tydeleg til det russiske statsembetet, og ikkje minst den russiskortodokse kyrkja som heiljarta støttar invasjonen av Ukraina. Moskva si forteljing om ein «heilag kamp» kling ikkje godt i dei norske kyrkjene, forsikra Myrseth.

Han motsette seg heller ikkje å svare på spørsmål om Israels krigføring i Gaza, og peikte på dei store lidningane i den palestinske sivilbefolkninga og prinsippet om proporsjonalitet.

– Mykje av det me ser er langt utanfor det ein kan rettferdiggjere, sa han.

– Den norske kyrkja har blitt skulda for å vere «anti Israel»?, spurte ordstyraren.

– Kyrkja har vore veldig opptekne av Israel sin rett til å forsvare seg. Dei er i eit utruleg utfordrande landskap med fiendar på alle kantar. Samtidig ser me ein så overveldande ubalanse i maktforholdet mellom Israel og Palestina, svartane.

## Finst det håp?

Etter ein dryg times samtale vart det ikkje fatta vedtak og signert protokoll i Herad kyrkje. Fasiten på korleis krig og tru heng saman er kanskje ikkje råd å finne. Samtalen på vegen dit var likevel interessant for dei framtoete.

Ordstyrar Lindahl bad om Palle Ydstebø sin spådom for 2025. Er Russland så farlege

som mange trur, og kva med Trump?

– Då er det greit å vere historikar, spøkte Palle Ydstebø for biskopen skaut inn:

– No kan du vere litt profet. Ydstebø gjorde eit forsøk. Han meiner ikkje Russland er farleg for Norge så lenge ressursane går til å krige i Ukraina. – Invasjonsfaren i nord har vel aldri vore lågare enn no. Det er ikkje styrkar att. Kva Trump finn på, anar eg ikkje.

Det meir åndelege spørsmålet vart retta til biskopen.

– Finst det håp? – Me må ha eit realistisk forhold til at krig dessverre er eit fenomen me aldri heilt blir kvitt. Så er det viktig at me blir minnt på at dette er meir ein normaltilstand enn unntaket. Me kan ikkje la oss sjølv bli paralysera, svarta biskopen.



Oberstløytnant og hovudlærer ved seksjon for landmakt ved Krigsskolen, Palle Ydstebø, er personleg kristen og har utanlandserfaring frå militæret.



Hot kommune vil ta imot 25 flyktningar i år.

## Tek imot 25 nye flyktningar

Hol kommune vil ta imot 25 nye flyktningar i år.

MAGNUS LINDAHL  
ml@hallingdolen.no

Kommunen har, som mange andre, fått spørsmål frå styremaktene om å opne dørene for nye flyktningar. Det er venta 18.900 til Norge i år.

Utval for kultur og levekår behandla saka sist veke. Her vart det vedteke å busette 25 ordinære flyktningar i år. Men det var også ønske frå styremaktene om at Hol skulle ta imot fem einselege mindreårige.

I det omforeinte vedtaket heiter det at:

– Hol kommune ser seg ikkje

rusta til å motekome ønsket om og busette fem einselege mindreårige flyktningar i år.

Her har kommunen eit ønske om å utarbeide ein plan og om mogleg eit regionalt samarbeid for 2026 for denne gruppa med flyktningar.

Hol har busett kring 150 flyktningar sidan 2021. 30 av desse har seinare flytta frå kommunen. Langt dei fleste er frå Ukraina.

Sidan 2021 har kommunen fått kring 70 millionar i integreringstilskot. Dette er pengar som kommunen har brukt på aktiv busetting og integrering for at flyktningane kjem i arbeid og kan forsørge seg sjølv og delta i samfunnet.

## «Ja» til tilbygg i LNF-område

Ein hytteeigar på Myrland i Hol får dispensasjon til eit tilbygg.

MAGNUS LINDAHL  
ml@hallingdolen.no

Tilbygget er på 14 kvadratmeter, men arealet ligg i eit LNF-område (Landbruks-, natur- og friluftsområde) på grunn av ein fell for fleire år sidan. Det vart derfor søkt om dispensasjon, noko administrasjonen sa nei til.

Men fleirtalet i utval for plan og utvikling, med Senterpartiet, Arbeiderpartiet, Høgre og Hol Bygdeliste, seier ja. Berre SV stemt imot i møtet sist veke.

## – Små ulemper

Tomta ligg i eit etablert hyttefelt, og etter utbygginga vil busetnaden ha eit bruksareal på 170 kvadratmeter, som er maksimal utnyttingsgrad.

I vedtaket frå utval for plan og utvikling heiter det at kommunen vurderer at den delen av tomta som ligg innanfor reguleringsplanen, i utgangspunktet har tilstrekkeleg areal for plassering av tilbygget.

Tiltaka i seg sjølv inneber små, vesentlege drifts- eller miljømessige ulemper i LNF-området, der tiltaket i realiteten vil vere godt tilpassa omgjevnadene når eigedommen ligg i eit hyttefelt kor tomta i det vesentlege inngår i eit regulert hytteområde, meiner fleirtalet.

## Ja frå eigar

Fleirtalet viser også til at utbyggingen har gjort greile for alternative plasseringar for tilbygget, men at dette ville ført til større natur- og terrenginngrep enn det dei no seier ja til. Eigaren av LNF-området har også sagt ja til plasseringa.

– Kommunen meiner det i utgangspunktet er uheldig å plassere eit tilbygg for fritidsbustad i eit LNF-område, men etter ein konkret vurdering av tomtearealet vil ikkje tilbygget minske omsyna som LNF-området skal vareta, meiner fleirtalet.

Kommunen har derfor, etter «samla vurdering», kome fram til at det skal gjevast dispensasjon.